



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Trøndelag fylkeskommune
Fylkets hus, Postboks 2560
7735 STEINKJER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.03.2018	97104/2018	Ingunn Bekken Sjøholm, 71 28 02 46	21.08.2018

Trøndelagsplanen 2018-2030 – høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi takkar for invitasjonen til å gi innspel til Trøndelagsplanen. Vi bygger fråsegna på erfaringar frå eige planarbeid.

Vi støttar valet om å ha ein overordna regional plan for utvikling av fylket. Det gir moglegheit til å sjå utviklinga på tvers av samfunnsområde og det rasjonaliserer også fylkeskommunen sitt planarbeid ved å reduserer talet på planprosessar.

Planutkastet inneheld på lik linje som Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 svært generelle målsettingar. Fordelen med generelle mål er at dei er inkluderande, og også fleksible nok til at nye moglegheiter som dukkar opp i planperioden kan gripast. Utfordringa er om dei gir tilstrekkelig retning til utviklingsarbeidet. Det viktigaste er likevel korleis ein legg opp arbeidet med å nå måla og at dette er knytt til økonomiplan- og budsjettarbeidet. Det går fram av høyringsbrevet til planen korleis måla skal konkretiserast og følgast opp. Dette kunne også vore tekstleg omtalt i sjølve plandokumentet – i tillegg til figuren som viser plansystemet. Det kunne også komme fram at Trøndelagsplanen er forankra i regional planstrategi for Trøndelag.

Dei gjennomgåande temaa er lite omtalt, vi ser at omsynet til at planen skal vere kort og oversiktleg er prioritert. De kan likevel vurdere om de skal gi litt plass til å forklare kva som ligg i dei gjennomgåande temaa. Utfordringa med «enkle» plandokument er at ein overlet til lesaren/brukaren å legge si eigen forståing til grunn for oppfølginga. Det implisitte innhaldet, alt som ligg i prosessdialogane og som er meir eller mindre underforstått av dei som er tett på prosessen, er ikkje like synleg for andre og det kan gjere planen mindre forståeleg for folk flest. Gitt bredda av mål og alle dei visjonære, gode målformuleringane er det også vanskeleg å sjå kva som ikkje er prioritert. Dette er ei utfordring også vi har møtt i fylkesplanarbeidet.

De har valt mange gjennomgåande tema, det kan gjere planen vanskelegare å følgje opp. Den erfaringa gjorde vi med vår førre fylkesplan då vi hadde seks gjennomgåande perspektiv.

Møre og Romsdal fylkeskommune har godt samarbeid med Trøndelag fylkeskommune på eit breitt spekter av område, dette inkluderer mellom anna deltaking i ein del regionale samarbeidsråd slik som Norsk Gassforum, Norskehavsrådet, Tjeldbergodden utvikling, opplæringsregion Nord, innanfor akvakultur, kulturformidling, fagopplæring, sjøarealplanar, samferdsel inkludert Kystekspressen, verneområdestyret for Trollheimen, GIS-link (geografisk informasjonssystem-kart), planlegging og elevutveksling. I samband med skifte av fylkestilhøyrse for kommunane Halså og Rindal vil det også bli behov for eit samarbeid med Trøndelag fylkeskommune.

Vi ser fram til vidare samarbeid og godt naboskap!

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Ingunn Bekken Sjøholm
assisterande fylkesplansjef